

Referat frå FAU-møte 22.5.2017

Tilstades: Eli Sletten (1.kl), Kristin Tredal (1.kl), Randi Sagstad (2.kl), Monica Th. Waage, Charlotte Grimstad (6.kl), Trygve Kvalvåg (7.kl), Bodil Kaland (3.kl), Kenneth Refsdal (4.kl) og Kristine Lunde (5.kl).

16/17: Oppsummering/tilbakemelding på sykkeldagen/foreldrestyrtdag og temakveld for foreldre med Barnevakten.

Tilbakemeldinger på foreldrestyrtsykkeldag: nokre meinte det var lite info i forkant, dei som deltok syns det gjekk fint, tross vått og kaldt vær. Synd nokre ungar fraus pga. regn og kulde. Elles ein flott gjennomført dag, mange glade og fornøyde ungar.

Tilbakemeldinger frå temakveld frå Barnevakten: Gode tilbakemeldinger om kjekk kveld. Morosam og inspirerende foredragshaldar. Økonomisk og fint med samarbeid med Myking skule. Neste år finn vi på eit anna tema.

17/17: Dugnad på skuleplassen og uteområdet.

Vidar seier frå om ting som må gjerast, og vi samlast for å bidra dei som kan. Det blir ikkje arrangert ein dugnad som folk føler dei MÅ stilla på. Dette fordi det har vore nok dugnad i år. Vi set sjølvsagt pris på at folk vil vera med på oppgradering og finpuss av uteområdet til skulen. Vi skal mellom anna mala leikehytta og klippa/frisera det store treet.

18/17: Kommunalt FAU.

Kommunen skal starta opp kommunalt FAU, og vi blir bedt om å nominera nokre som skal sitte i dette kommunale FAU. Vi åpner opp for nominasjon til dette på Facebook-sida til FAU. Kristin Tredal og Kristine Lunde stiller på første møte frå FAU, i tillegg til minst ein annan.

19/17: Planlegge sommerfest tysdag 6.juni.

Tysdag 6.juni kl 17-19 for foreldre, lærere og (nye) elevar.

- *To frå kvar klasse står i kiosk i kantina. Sal av hot-dag 20kr, kaker 10kr og bollar 10kr, saft 10kr m/påfyll og kaffi 10kr.*
- *FAU møter kl. 16.*
- *Vara i FAU rydder opp etter festen.*
- *Kristin handlar inn og ordner vekslepengar.*
- *Skulen lagar invitasjon og ordnar plakatar med prisar.*
- *Klassekontakten seier at kvar klasse baker 2 kaker/bollar kvar og tar med 2 kanner kaffi.*
- *Vi vil invitera nye 1.kl og andre nye elevar. Nye elevar bør presenterast, og det gjer Monica.*
- *Skulen har litt underholdning ute.*
- *Fotballturnering og TL-leiker – elevrådet og TL arrangerer.*

- *Festen foregår ute. Kafè i kantina.*
- *FAU – møte etter sommar-avslutninga. Fortinuering av nytt FAU.*
- *Skulen ordner loddalg. (Kristin kjøper inn premier og lodd.)*
- *Kristin hentar panner frå u-huset til saft.*

20/17: Avslutningsfest for 7.kl.

6.klasse har i samarbeid med skulen planlagt avslutningsfest for 7.klasse, tysdag 13.juni. Dette skal vera ein tradisjon, der 6.klasse lagar til ein fest for 7.klasse som går ut.

21/17: Info om innkjøp av leiker/utstyr til uteområdet.

FAU vil overrekke fem sparkesyklar, slakk line og ny smashball til elevane på sommarfesten. Dette er kjøpt inn for pengar vi tente på «papirdugnaden» i vinter.

Anna:

Nestear: Snakka om 17.maifeiring og om skulen kan bidra.

Referent: Kristine Lunde.